



# Møbelutstilling på Jærmuseet

EINAR LEA

Vinteren 2001/2002 gjekk historie- og ættesogelaga i Sandnes, Klepp, Time og Hå saman om å registrera og fotografera møblar som var laga på Jæren, både slike møblar som var laga av fabrikkar og av lokale snikkarar. Det var kome fleire innspel om at noko burde gjerast for å hindra at historia om ein hundreårig, rik møbeltradisjon på Jæren skulle gå i gløyemeboka.

Historie- og ættesogelaga tok på seg denne oppgåva. Og då Jærmuseet hadde ledig rom i det nye utstillingsbygget i mai, vart og tanken om ei større utstilling av møblar lansert.

Etter annonsar i lokalpressa var det mange som tok kontakt og sa dei hadde møblar som dei trudde kunne

*Oversiktsbilete frå utstillinga. Heilt framme står spisebord og stolar frå Gandal Møbelfabrikk. Bak dette eit bord frå Møbelfabrikken Sola, Gandal. Dette bordet har stein frå jærstrendene innlagt i plast (i vassklar polyester).*

*Midt i biletet ser vi ei gruppe møblar laga av lokale snikkare. Vi ser og litt til høgre ein Sandnesbenk laga hjå Mikkelsens Møbelfabrikk, Sandnes. Foto: Bjørg Sandve. Jærmuseet.*

vera av interesse. Slik fekk vi registrert og fotografert over 300 forskjellige møblar som var laga på Jæren. Dei aller fleste var og positive til spørsmålet om å låna ut møbla til ei utstilling.


Den 14. april kunne vi åpna møbelutstillinga på Jærmuseet, etter å ha gjort eit godt dugnadsarbeid med å køyra inn møblar frå eit område frå Sandnes i nord til Vigrestad i sør.

Vi hadde då fått inn fabrikkproduserte møblar som dekka ein tidsbolt frå rundt 1890 til 1970. Ein god del møblar var endå eldre, dei var laga av lokale snikkarar.

Utstillinga vart godt besøkt. Nærare 5000 personar nyta høve til å sjå møbelsamlinga som viste eit godt gjennomsnitt av dei møbla som har vore laga på Jæren.

Mange var overraska då dei høyрde at det hadde vore over 40 produsentar av møblar i denne perioden og at Rogaland var største møbelfylke etter Møre. Sjå oversikt over møbelfabrikkane på Jæren på dei neste sidene. Der viser vi også foto av nokre av dei utstilte møbla.

Den dokumentasjon vi nå har skaffa oss om møbelproduksjonen på Jæren vil verta samla på Jærmuseet si avdeling, Sandnes museum. Det museet skal bli eit industri-, handverks og handelsmuseum i Sandnes.



Talet på fabrikkar i kvart 5 år

1880 1900 1920 1940 1960 1980 2000